

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

### Referat

<b>Møtetid</b>	<b>Fredag 19.februar 2021, kl. 12:00 -14:30</b>
<b>Stad</b>	Microsoft Teams
<b>Til stades</b>	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Frøydis Gullbrå (Modalen), Bente Orlén Westervik (Brukarutvalet HB), Evi Knutsen (Brukarutvalet HDS) Randi-Luise Møgster (HB), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Kim Andre Vangberg (Fedje), Oddvin Næset (Masfjorden), Nina Kvamme (Osterøy), Grete Lill Hjartnes (SSE), Eva Karin Skorpen (NSF), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE). Peter Kubon (Austreim), Rebekka Ljosland (HDS), Ingebjørg Søreide (Gulen). Odd Ivar Øvregård, prosjektleiari Felles Utviklingsplan deltok som observatør.
<b>Ikkje møtt</b>	Terese Folgerø (Alver)
<b>Møteleiar</b>	Tord Moltumyr (Alver)
<b>Referent</b>	Anne Hildegunn Færøy og Elena Sandgathe

Saksnr.	Saker
01/21	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.</p>
02/21	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 11.desember 2020</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Referat godkjent utan merknader.</p>
03/21	<p><b>Covid 19</b></p> <p>Ingebjørg Søreide gav ei statusmelding frå koordineringsgruppa sitt arbeid. Ho melder om at det er gode og nyttige møter. Døme på tema som vert drøfta:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vurderingar om Covid-senger skal takast i bruk</li> <li>- Problemstillingar rundt studentpraksis</li> <li>- Vaksinering: praksis rundt transport og gjennomføring</li> </ul> <p>Søreide peika på at det til tider kan vere krevjande å representera fleire kommunar i et slikt samarbeid, men ser samtidig at det er svært positivt med slikt samarbeid, der dei mindre kommunane blir trygga, ein bygger nettverk og får delta i eit fellesskap med nyttig erfaringsutveksling.</p> <p>Presentasjon med status frå koordineringsgruppa sitt arbeid er vedlagt.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa, og støttar det viktige og gode arbeidet som koordineringsgruppa gjer.</p>
04/21	<p><b>Handlingsplan 2021</b></p> <p>Samarbeidssekretariatet v/ Elena Sandgathe presenterte forslag til Handlingsplan 2021 og viste til at tiltaka i planen er oppdatert i tråd med vedtak gjort i SU-møta i desember 2020.</p> <p>Handlingsplan for 2021 er samansett av pågående tiltak frå Handlingsplan 2020, samarbeidsavtalar som er vurdert/meldt inn behov for revisjon og saker som er vedteke av samarbeidsutvala, og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem.</p> <p>Helse Bergen melde merknader til to av tiltakspunkta i handlingsplanen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Pkt. 1.2.</u> Det vart informert om at prosjektet i regi av Bergen kommune og Helse Bergen der det er ønska å prøva ut ei ordning med delte jordmorstillingar. Dette er eit arbeid som kan sjåast i samanheng med aktuelt tiltakspunkt.</li> <li>- <u>Pkt. 1.4.</u> Det er viktig at ALIS Vest vert sett i samanheng med pågående arbeid med særavtale.</li> </ul>

	<p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2021. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle partar sørge for oppfølging av handlingsplanens tiltakspunkt.</p>
05/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.1 Felles Utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b></p> <p>Prosjektleiar Odd Ivar Øvergård presenterte status i arbeidet samt forslag fremja i utsendt drøftingsnotat. Sjå vedlagte PP-presentasjon.</p> <p>Utvalet takk for ein god gjennomgang. Utvalet drøfta saka og kom med innspel til vidare arbeid med ferdigstilling av planen.</p> <p>Det vart m.a peika på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Viktig å få på plass ein struktur for å følgje opp praktiske tiltak og utviklingsarbeid som partane blir einige om.</li><li>- Framleis opplever ein at det i kommunane er noko usikkerheit knytt til arbeidet med Felles utviklingsplan. Dei kommunale repr. melder at det er viktig at ein ser at dette kan bli ei levande ordning for eigen kommune.</li><li>- Når det gjeld representasjon og det å bli representert av andre, så erfarer ein at det fungerer greitt ved konkrete saker og i eit fagleg samarbeid, men at det kan vere meir krevjande og utfordringar knytt til det å la seg bli representert av andre på eit overordna strategisk nivå. Dette gjeld særleg dersom tiltak av meir prinsipiell og/eller økonomisk betydning skal vurderast.</li><li>- Det er viktig å ha gode prosessar og nok tid til nødvendig forankring og informasjon - både fagleg, administrativt og politisk, og det må takast omsyn til tidsfristar når det gjeld prosessar der det er behov for brei involvering og forankring.</li><li>- Modellen for Toppleiarmøte som er presentert i planutkast er vurdert som hensiktsmessig.</li><li>- Viktig å sikre at alle fagområde er ivaretatt i ein ny struktur, og at underutval, nettverk og samarbeidsarenaer som er etablert blir ein del av den nye strukturen.</li><li>- Det vart rettar ei bekymring til at den nye strukturen kan bidra til at samarbeidsstrukturen vil bli meir komplisert og at det kjem enda fleire utval/arenaer som kommunen skal ha ein representasjon inn i.</li></ul> <p>Prosjektleiar takka utvalet for gode diskusjonar, innspel og tilbakemeldingar til vidare planarbeid.</p> <p><b>Vedtak:</b> SU NH takkar prosjektleiar for god gjennomgang og orientering om status for arbeidet.</p>
06/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.2 Projekt pasienten si legemiddelliste (PLL)</b></p> <p>Lars Ivar Mehlum, prosjektleiar Helse Vest IKT, og Lars Nedrelid, prosjektleiar Bergen kommune gav ei god orientering om prosjektet, målet med arbeidet og kva det skal resultere i til slutt. Presentasjon vist i møte er lagt ved referatet.</p> <p><b>Vedtak:</b> SU NH takker for en god informasjon om PLL prosjektet.</p>
07/21	<p><b>Handlingsplan pkt. 2.4 Utarbeide retningsliner for lege til lege samarbeid</b></p> <p>Trond Egil Hansen, leiar for Medisinsk fagleg utval (MFU) orineterte om saka med ein gjennomgang av forslag til prosess for implementering og formelle rammeverk rundt retningslinjene.</p> <p>Det er viktig at alle partar tar ansvar for å informere og implementere retningslina i eigen organisasjon, samt å sikre at retningslina blir nytta i samarbeidet.</p> <p>Det vart peika på at det er viktig å få til ein koordinert informasjonsprosess, og at ein til dømes vil nytta praksiskonsulent ordninga(PKO) og PKO-nytt til å spreie informasjon ut til legar i kommunar og</p>

	<p>sjukehus. Det vart peika på at informasjonen om retningslinja og bruken også må bli sendt til private avtalespesialistar.</p> <p>Presentasjon vist i møte er lagt ved referatet.</p> <p><b>Vedtak i saken:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til <i>Generelle retningslinjer for samarbeid mellom fastlege og spesialisthelsetjenesten</i>, og støttar Medisinsk fagleg utval sitt forslag til prosess for implementering og rammeverk rundt retningslinene.</p>
	<p><b>Andre saker</b></p>
08/21	<p><b>Kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging</b></p> <p>Orientering om utarbeiding av felles retningsliner for dokumentasjon og formidling av informasjon om pasientars ernæringsstatus og ernæringsbehandling mellom nivåa v/ Kari Sygnestveit, Helse Bergen og Helene Søreide, Bergen kommune.</p> <p>Ernæringsoppfølging er løfta fram som eit viktig tema i samhandlinga rundt inn og utskrivning av pasientar. Det er m.a. utfordringar knytt til kommunikasjon mellom samarbeidspartane og korleis dette området er implementert i dagens meldingsutveksling.</p> <p>Presentasjon vist i møte er lagt ved referatet.</p> <p>Utvalet takka for ein god gjennomgang av eit viktig arbeid.</p> <p>Handlingsplan for 2021 er vedteken og utvalet foreslår at kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging blir tatt inn som eit tiltak under tiltakspunkt 1.6. Tenesteavtale 10.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>SU NH takkar for orienteringa og sluttar seg til at det vert utarbeidd felles retningsliner for dokumentasjon og formidling av informasjon om pasientars ernæringsstatus og ernæringsbehandling mellom behandlingsledd/-nivå. Utvalet sluttar seg til at det vert nedsett ei arbeidsgruppe slik det er føreslått i saksinnmeldinga. Kommunane i utvalsområdet vil peika ut ein representant til arbeidsgruppa og melde dette tilbake til prosjektleiar så snart det er avklara.</p>
09/21	<p><b>Avdeling for rusmedisin (AFR) - evaluering av Bistandsteam</b></p> <p>Eirik Elsås, ass. avd.direktør AFR gav ei god orientering om evaluering av ordninga med beredskapsteam knytt til bruk av tvang overfor pasientar med rusproblematikk.</p> <p>Eirik Elsaas presenterte erfaringar med Bistandsteam som eit godt døme på god samhandling.</p> <p>Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>SU Nordhordland tar saka til orientering.</p>
10/21	<p><b>Toppleiarmøte 2021</b></p> <p>Gjennomgang av oppsummering frå gjennomført evaluering av Toppleiarmøte 2021.</p> <p><u>Innspel frå utvalet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Møte vart godt leia og den teknisk gjennomføringa var god.</li> <li>- Litt lite diskusjon og innspel frå deltakarane i møte.</li> <li>- Gode presentasjonar, men det er meldt at faguttrykk som vart nytta kan vere vanskeleg å forstå.</li> <li>- Forslag om at seinare møter blir delt i to bolkar.</li> </ul> <p>SU NH takkar for godt gjennomført Toppleiarmøte og har ingen ytterlegare kommentarar eller innspel.</p>

11/21	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p><b>HDS:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- PKO-stilling er lyst ut.</li> <li>- Brukarutvalet ved HDS er no organisatorisk plassert i stab for strategi og samhandling.</li> <li>- Samhandlingsavvik kan no sendast elektronisk til HDS.</li> <li>- Polikliniske tenester inn i Helsehuset: Ortopedi, endokrinologi.</li> </ul> <p>Det er eit mål å flytte fleire tenester nærmare der pasientane bur. Det vert arbeidd vidare med å utvikla eit digitalt tilbod.</p> <p><b>Status Helsehuset:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bygget er ferdigstilt, og innflytting av møblar og inventar har starta. BUP NH er første tenesta som flyttar inn i bygget, og vil vere i drift i veke 10. Etter dette vil dei andre tenestene i HB flytte inn. Dei kommunale tenestene vil starte innflyttinga i slutten av april. Utsett innflytting er knytt til forseinka møbelleveranse</li> </ul> <p><b>HB:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avtale om pasienttransport i Nordhordland er no på plass. Det er inngått avtale med Nordhordland Taxi.</li> <li>- Pasientsentrert helsetenesteteam (PSHT); ein helsetenestemodell utvikla ved Universitetssykehuset i Nord Norge (UNN), der tverrfaglege team på tvers av kommune og spesialisthelsetenesta bidrar til å styrke tenester og forløp til pasientar med samansette sjukdomsbilete og omfattande hjelpebehov. Helse Bergen har mål om å ha en sak om PSHT til Sua sine møter i mai 2021.</li> </ul>
12/21	<p><b>Referat frå underutval:</b></p> <p>Referat frå møte i Medisinsk fagleg utval (MFU), 15.01.2021 var lagt ved sakslista. Utvalet hadde ingen merknader eller spørsmål til referatet.</p>
13/21	<p><b>Eventuelt</b></p>